

Tabell 2-k

Innbyggjartilskot til kommunane (kap. 571, post 60)

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom kommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at tilskot som er gjeve ei særskild fordeling er trekte ut, jf. kolonne 10 i tabell C-k). Deretter skjer det ei omfordeling mellom kommunane på grunn av utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og inntektsgarantiordninga (INGAR). Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte, fordi ho blir rekna ut etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den einskilde kommune vil difor ikkje vere klar før i februar 2018. Utgiftsutjamninga, skatteutjamninga og inntektsgarantiordninga er reine omfordelingar mellom kommunane.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga, er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2016. Skatteutjamninga blir basert på innbyggjartalet per 1. januar 2017.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling

Kolonne 1 viser løyving på kap. 571, post 60 før omfordeling, etter at saker med særskild fordeling (tabell C-k) er trekte frå. Løyvinga på kap. 571, post 60 er 121 954,3 mill. kroner. Av dette blir -102,8 mill. kroner gjeve med ei særskild fordeling, slik at innbyggjartilskot før omfordeling i 2017 er 122 057,046 mill. kroner. Saker med særskilt fordeling er i 2017 eit negativt tal, noko som i hovudsak skuldast trekket i rammetilskotet til kommunar som deltek i forsøket med statleg finansiering av omsorgstenestene.

Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar til alle kommunane. For 2017 er innbyggjartilskotet før omfordeling 23 313 kroner per innbyggjar.

Kolonne 2 – Utgiftsutjamning

Kolonne 2 viser omfordelinga som følgje av utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er dokumentert nærare i tabell A-k.

Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling

Kolonne 3 viser fordelinga av saker med særskild fordeling i 2017. Fordelinga som kjem fram i kolonne 3 er dokumentert nærare i tabell C-k.

Kolonne 4 - Innbyggjartilskot før inntektsgarantiordninga

Kolonne 4 viser fordelinga av samla løyving på kap. 571, post 60 Innbyggjartilskotet i 2017, før utrekning av inntektsgarantiordninga. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 3.

Kolonne 5 – Inntektsgarantiordninga (nettoeffekt)

Kolonne 5 viser nettoeffekten av inntektsgarantiordninga i 2017, det vil seie inntektsgarantiordninga inklusive finansieringa av ordninga. Utrekninga av inntektsgarantiordninga er dokumentert i tabell B-k.

Kolonne 6 - Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga

Kolonne 6 viser samla løyving på kap. 571, post 60 Innbyggjartilskotet i 2017, i alt 121 954,3 mill. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, saker med særskild fordeling og netto inntektsgarantiordning. Kolonnen er summen av kolonnane 4 og 5. Kolonnen er òg vist i tabell 1-k, kolonne 1.